



KINSARVIK BÅTLAG stifta 1970 org.nr. 979 894 341

VEDTEKTER Forslag frå styret, februar 2023

Vedtekne på årsmøtet 27. mars 2023, gjeldande straks.

§ 1 Namn og føremål

Namnet er Kinsarvik båtlag, og høyrer heime i Ullensvang kommune.

Laget er tilslutta Kongelig Norsk Båtforbund (KNBF) region Vest.

Kinsarvik båtlag sitt føremål er å fremja det individuelle og samla båtlivs interesser på vegne av medlemene og ålmenta, under dette å

- 1) Arbeida for utbreiing av fritidsbåtlivet som rekreasjon, og fjord- og kystkultur.
- 2) Skapa og halda vedlike ei god og trygg hamn, og sikra at ålmenta har tilgang til området. Vidare ta vare på medlemene sine rettar til fornuftig utnytting og bruk av hamneområdet.
- 3) Arbeida for utbreiing av kunnskap om sjøvett og marint miljøvern.
- 4) Ivareta medlemene, fastbuande og tilreisande sine interesser og rettar til bruk av fjorden som rekreasjonsområde og til annan privat fritidsbasert utnytting.
- 5) Samarbeida med andre private organisasjonar og offentlege styresmakter for å fremja båtlivet og båtfolket sine interesser.

Arbeidet i Båtlaget er basert på frivillig innsats frå medlemene. Føremålet til Båtlaget er ikkje-økonomisk; medlemene heftar ikkje for Båtlaget sine forpliktingar. Eventuelle overskot på økonomiske aktivitetar kan så langt det ikkje vert avsett til framtidig oppfylling av føremålet til Båtlaget, berre disponerast utanfor laget til tilsvarande føremål i regi av KNBF eller anna båtlag som er tilknytt KNBF og som er registrert i Frivilligregisteret.

§ 2 Medlemskap

Som medlem kan styret ta opp einkvar båtinteressert som vil delta i frivillig arbeid for å fremja føremålet til Båtlaget. Medlemskapen fylgjer kalenderåret. Utmelding skjer skriftleg til styret.

Ein medlem som med si åtferd vekkjer forarging, verkar til skade for Båtlaget, eller ikkje rettar seg etter vedtektene og hamnereglementet til Båtlaget, kan få skriftleg åtvaring av styret. Dersom dette ikkje fører fram, kan medlemen verta ekskludert etter vedtak av styret.

Før vedtak om eksklusjon vert gjort, skal medlemen ha høve til å uttala seg. Medlemen skal få rimeleg høve til å avvika medlemskapen og båtlassen sin. Eventuelt økonomisk oppgjer vert gjort etter dei vanlege reglane som gjeld i Båtlaget, styret tek avgjerd dersom tvil.

Vedtak om eksklusjon kan ankast inn for årsmøtet, med frist 1 måned rekna frå den dagen styret sitt vedtak er sendt medlemen. Avgjerd i årsmøtet vert gjort med alminneleg fleirtal blant avgitte røyster, der blanke stemmer vert rekna som ikkje avgitt.



Avgjerd i årsmøtet er endeleg og kan ikkje overprøvast eller omgjerast. Ekskludert medlem kan på ny takast opp som medlem etter minst to år, dersom årsmøtet finn grunn til å innvilga medlemskap på nytt.

§ 3 Kontingentar

Årskontingent og andre betalingsattsar gjeld i utgangspunktet kalenderåret, vert fastsett av årsmøtet og skal betalast etter tilsendt faktura med nærare fastsett forfall. Dersom det ikkje er betalt innan fastsett frist etter purring, kan styret etter gjeve varsel stryka vedkomande som medlem, og tilvist båtplass vil bli ført attende til Båtlaget. Avgjerda kan ikkje ankast inn for årsmøtet.

Styret har likevel fullmakt til å inngå betalingsavtalar og fastset sjølv retningsliner og vilkår for slike avtalar.

§ 4 Organa til Båtlaget.

Dei administrative organa til Kinsarvik båtlag er:

- ✓ Årsmøtet
- ✓ Styret
- ✓ Eventuelle nemnder

Det skal førast protokoll frå alle års- og styremøte.

§ 5 Årsmøtet

Årsmøtet er øvste mynde til Båtlaget og vert halde kvart år, til vanleg innan utgangen av mars året etter og seinast innan utgangen av april. Medlemane vert kalla inn med 14 dagars varsel ved skriftleg innkalling til kvar medlem via e-post eller post. Innkallinga skal ha vedlagt sakliste. Saker som ein medlem ynskjer handsama på årsmøtet, må vera mottekne av styret seinast 7 dagar før årsmøtet.

Vedtak i årsmøtet vert gjort ved vanleg fleirtal. I tilfelle røysteliskskap har leiaren dobbelrøyst. Årsmøtet kan ikkje gjera vedtak i saker som ikkje står på saklista.

Kvart medlem har ei røyst, både dei med og utan fast brygge. Ein fråverande medlem kan møta med skriftleg fullmakt gitt til ein møtande medlem. Ingen kan røysta for meir enn ei fullmakt. Fullmakter skal godkjennast av årsmøtet før røysting tek til, vedtak om godkjenning er endeleg og kan ikkje overprøvast.

Det ordinære årsmøtet skal handsama:

1. Val av møteleiari, protokollskrivar og ein til å skriva under protokoll i lag med møteleiari og protokollskrivar.
2. Årsmeldinga til styret
3. Rekneskapen i revidert stand, under dette eventuelt merknader frå revisor
4. Fastsetjing av kontingentar som nemnt i §3.
5. Framlegg frå styret til budsjett.
6. Sjå til at tidlegare vedtak er utførde.
7. Andre saker som står på saklista, herunder innkomne framlegg.
8. Val i samsvar med det som står nedanfor:



Medlemer til styret, kvar av dei skal veljast for to år om gongen:

- ✓ Leiar
- ✓ Skrivar
- ✓ Tre styremedlemer

Ombodet som nestleiar skal leggast til ein av dei tre andre styremedlemene, også dette for to år. Dei enkelte medlemene til styret skal veljast enkeltvis, og slik at vekselvis to / tre går ut annakvar gong.

- ✓ To varamedlemer til styret i nummerert rekkjefølgje, kvar for to år om gongen.
- ✓ Ein revisor skal veljast for to år om gongen
- ✓ Valnemnd på to personar, som skal koma med framlegg til val for neste årsmøte.

§ 6 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte kan kallast saman etter ønskje frå styret eller når minst 1/3 av medlemene krev det, og det må då haldast seinast ein månad etter at styret har fått oppmoding om det.

§ 7 Styret

Kinsarvik båtlag vert leia av eit styre på fem personar med to nummererte varamedlemer.

Styret har det administrative myndet, representerer Båtlaget i ulike samanhengar, syter for alle løpande saker, tildeler båtplassar, kallar inn til møte og tek hand om økonomien til Båtlaget. Styret nemner opp dei nemndene som er turvande for å løysa bestemte oppgåver, med mindre desse vert valde av årsmøtet. Styret held møte så ofte det finn det turvande. Leiar sender ut sakliste og kallar inn til styremøta. Elles kan utanom leiaren eit fleirtal av styret kalla inn til styremøta. Styret er vedtaksført når leiaren, eller nestleiaren i hans fråvær, og minst to styremedlemer er til stades. Leiaren pliktar med si underskrift Båtlaget andsynes tredjemann.

Styret konstituerer seg og peikar ut kontaktperson. Dersom leiar ønskjer dette vervet skal han vera kontaktperson.

Styret kan engasjera rekneskapsfører, dersom ingen av styremedlemene kan ta på seg denne funksjonen. Styret skal i god tid innan årsmøtet syta for at rekneskapen vert lagt fram for den valde revisoren. Rapport frå kontrollen vert lagt fram for årsmøtet.

§ 8 Tildeling og oppseiing av båtplassar, framleige

For å få tildelt båtplass i hamna er det eit vilkår at ein er medlem i Kinsarvik båtlag, seinast frå tidspunktet for tildeling av plass. Dersom det er venteliste for tildeling av båtplass, kan styret ved tildeling av plass leggja vekt på

- ✓ Ansiennitet som medlem i Båtlaget
- ✓ Lokal tilknyting.

For tilvist båtplass vert å betala avgifter og kontingentar fastsett av årsmøtet.



Tilvist båtplass kan berre overdragast til andre direkte frå ein medlem, til ektefelle eller registrert sambuar / partner og familiemedlemer i rett opp- og nedstigande linje. I alle andre tilfelle ved utmelding skal båtplassen leverast attende til Båtlaget.

Framleige av båtplass er avgrensa til 2 år, og skal godkjennast av styret i Båtlaget. Det er eit vilkår at den som leiger båtplassen er medlem i Båtlaget. Etter søknad kan styret lengja fristen.

§ 9 Dugnad

Alle medlemene i Båtlaget har i utgangspunktet plikt til å delta på dugnad, dersom dei vert bedne om det av styret (likevel ikkje meir enn 15 timar i året). Årsmøtet og styret fastset nærare reglar og opplegg for dugnad.

Arbeid i styret, revisjon og liknande oppdrag tel som dugnadsarbeid.

§ 10 Endring i vedtektene

Framlegg til endring eller tillegg til desse vedtektene vert å leggja fram for årsmøtet gjennom styret innan den fristen som er nemnd framanfor §5. Vedtak må gjerast med 2/3 fleirtal av dei frammøtte.

§ 11 Oppløysing

Oppløysing av Båtlaget kan berre gjerast ved vedtak på ordinært årsmøte etter at saka har vore utsendt til medlemene med innkallinga. Vedtak om oppløysing må ha 2/3 fleirtal av dei medlemene som har møtt fram. Reversering av vedtaket om oppløysing krev simpelt fleirtal.


Ved oppløysing skal det veljast eit avviklingsstyre etter vedtektene sine føresegner om styre, med ansvar for Båtlaget sine interesser fram til endelig avvikling finn stad, under dette for den praktiske likvidasjonen av laget.

Båtlaget sine eigneluter og rettar skal overførast til, eller fordelast mellom ein eller fleire lokale foreiningar med same eller liknande ålmennyttige føremål, etter nærare avgjerd av årsmøtet. Finst det ved oppløysinga ingen aktuell eller villig slik mottakar, skal Båtlaget sine eigneluter tilførast same eller liknande føremål etter nærare avgjerd av KNBF.

Båtlaget sine eigedeler eller rettar kan ikkje i noko fall tilfalla eller utdelast til Båtlaget sine medlemmer eller andre enkeltpersonar eller einingar som ikkje er frivillige og ueigennyttige.

Kinsarvik xxxxxx 2023


.....
Jarle Vikane
Leiar


.....
Lars V. Ystanes
Skrivar